

# «Hjelp Moldova» får tre millionar frå UD

– Dette er ein stor dag for oss og for alle synshemma i Moldova, seier *Hans Bjørn Bakketeig*, leiar for «Hjelp Moldova»-prosjektet.

Utanriksdepartementet (UD) har gjeve tilsegn om økonomisk støtte til eit tre-årig prosjekt som sikrar vidareføring og vidareutvikling av «Hjelp Moldova» sitt Prosjekt Synshjelp.

Målet er å gjennomføra opplæring og kompetanseheveande tiltak i samtlige 32 regioner i Moldova, og tilføra naudsynt utstyr for diagnostisering og behandling av synshemma. Arbeidet vil skje i nært samarbeid med det medisinske universitetet i hovudstaden Chisinau og universitetssjukehusa.

– Støtta og samarbeidet med UD gjer oss i stand til å verkeleggjere målsetjinga vår: Å tilføra alle som arbeider med synshemma den kunnskapen og kompetansen dei treng for å hjelpe svaksynte og blinde slik at desse får tilgang til utdanning og arbeid og høve til å ta del i vanlege, sosiale aktivitetar, sier Bakketeig.

## Lokal støtte

Støtta frå UD er på nær ein million kroner kvart år i tre år. Hans Bjørn Bakketeig understrekar likevel at den frivillige innsatsen for å skaffa midlar må halda fram:

– Pengane frå UD skal nyttast til kompetanseheving og utstyr. Det kjem i si tid til å auka trongen for synshjelpemiddel, og vil stilla endå større krav til drifta av synssenteret. Betydninga av kvar einaste innsamla krone vil difor vera større enn nokosinne, seier han.

Mellom dei som har støtta prosjektet lokalt er Os vidaregåande skule og Os gymnas som har vore verdfulle støtte-spelarar gjennom Solidaritetsaksjonen og Operasjon Dagsverk. I tillegg har organisasjonen mange einskildpersonar som gjev si støtte.

## Gjennom 10 år

Stoda for synshemma i Moldova er framleis svært lite tilfredsstillande, og kunnskapen om korleis dei kan integrerast i vanleg samfunnsliv er liten, sjølv blant augelegar. Det offisielle Moldova har ingen tilbod



10 års kamp: «Lille speil...kven er vakrast? Madelina Malic (14) sitt først litt alvorlege andlet smelta i eit sjarmerande smil då det var hennar tur å sjå i speilet.



Osingen Hans Bjørn Bakketeig fekk i 2012 utmerkinga «International Optometrist of the World» frå Det internasjonale optikarforbundet for sin innsats i Moldova.



Hans Bjørn Bakketeig er ikkje einaste osingen som legg ned ein stor frivillig innsats i Moldova. Augekirurg Jan Askvik, som jobbar ved Bergen Øyelegesenter, bruker kvart år ei veke av si fritid til å undervisa sine moldovske kollegaer i teori og praksis. Her med ei gruppe legar på kurs ved Municipal universitetssjukehus i Chisinau.



Jan Askvik opererer den verdskjende barnebokfortaltaren Spiridon Vangheli. Hans kirurg-kollegaer står rundt og observerer og lærer.

til synshemma utanom det «Hjelp Moldova» har bygd opp gjennom dei siste 10 åra.

I 2009 opna organisasjonen «Det nasjonale kompetansesenteret for synshemma» i hovudstaden Chisinau, og tilsette augepesialist *Tatiana Ghidirimshi* som leiar. Senteret yter hjelp til legar og pasientar over heile landet. I mars 2013 tok Tatiana doktorgraden på tema «Integrering og rehabilitering av synshemma», som den første i Moldova.

## Over 7000

Hans Bjørn Bakketeig er fagansvarleg for prosjektet saman med *Tatiana Ghidirimshi*. Dei to har utgreidd meir enn 7000 svaksynte i Moldova – over 80 prosent av desse er born. Dei fleste har fått eit tilnærma nor-

malt liv ved hjelp av synshjelpemiddel.

Til no har Hans Bjørn og Tatiana halde kurs i 19 av landets 32 regionar. Deltakarar har vore alle offentleg tilsette augelegar ved poliklinikkar og sjukehus. I 10 av regionane har sjukehus og poliklinikkar fått tilført naudsynt utstyr for diagnostisering og behandling av synshemma.

Vidare har organisasjonen starta arbeidet med kompetanseheving i ni nye regionar i Nord-Moldova. Dette ønskjer ein no å fullføra, samt tilføra naudsynt utstyr. Målet er å gå inn i samtlige regionar og arbeida vidare med systematisk kompetanseheving, vidareutdanning og lagbygging. Alle desse kursa går også inn som ein del av den statlege, obligatoriske etterutdanninga som

vert kravd for at legane får behalda autorisasjonen.

## Samarbeid med universitetet

«Hjelp Moldova» er også i gang med eit samarbeid som involverer Det medisinske universitetet i Moldova (State Medical and Pharmaceutical University).

Universitetet ønskjer å nytta synssenteret som del av augelegestudiet med tanke på metodikk for synsrehabilitering. Dette manglar i dagens utdanning.

Leiinga ved universitetet seier at dei ser på dette som ein del av å tilpassa undervisninga til internasjonal standard. På denne måten er organisasjonen med og legg til rette for at studentar frå Moldova kan hospi-

tera og/eller ta si utdanning ved andre universitet i Europa.

Moldovske samarbeidspartnarar skal ha det koordinerende ansvaret, og ansvar for å motivere sine samarbeidspartnarar og kollegaer til å delta. Dei skal syta for praktisk tilrettelegging for kurs og seminar, og inkludera kompetansehevinga som ein del av augelegestudiet og den obligatoriske etterutdanninga av legar.

Når prosjektet er fullført etter tre år, skal alle regionane ha nytt og funksjonelt utstyr for utgreiing og behandling av synshemma. Mest mogleg av utstyret skal kjøpast i Moldova for å stimulera lokalt næringsliv.

Kåre Ness  
«Hjelp Moldova»